

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021

Jenny Følling (Sp) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er representant i Nasjonal rassikringsgruppe. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtok samrøystes at Følling var habil til å ta del i saksbehandlinga.

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av alle partia (Krf, A, MDG, Sp, SV, H, Frp og UA) fram slikt forslag:

«I kunnskapsgrunnlaget skal det også leggest fram tabell for strekningar med høg/middels ras etter nasjonal skredsikringsfaktor, og med ei tilleggskolonne som viser ÅDT på kvar strekning.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I kunnskapsgrunnlaget skal det også leggest fram tabell for strekningar med høg/middels ras etter nasjonal skredsikringsfaktor, og med ei tilleggskolonne som viser ÅDT på kvar strekning